

Referat frå leiarmøte på Ølen Gjestegård 19.10 og 20.10.07.

Referert av Ove Myklebust.

Leiaren i Rogaland Sau og Geit, Ole Jonny Espevold ønske velkomen.

Leiaren i Ølen Sau og Geit, Geir Tofte sa at Ølen Sau og Geit var eit lite lag på ca 50 medlemmer. Det var ein kjerne på 4 til 5 mann som dreiv laget. Han ønske velkomen til Vindafjord kommune.

Frå kommunen stilte varaordførar Marit Austtveit. Ho nemnde Gotskalk Hamre som hadde utført eit svært godt arbeid i Ølen Sau og Geit.

Ølen har flotte beitemarker til sau. Sauen er viktig for landskapet.

Vi har 2 slakteri og eitt garveri i kommunen.

Gje beskjed viss de har problem med rovdyr i saueflokken.

Arnhild Skjørestad tok opprop.

Desse lokallaga stilte ikkje med utsendingar til leiarmøte: Halsnøy, Jøsenfjord, Klepp, Kvitsøy, Lund, Nærbø, Sandeid, Sola, Strand, Vikedal/Imstrand og Årdal Sau og Geit. Til saman 11 lag.

Leiaren i Rogaland Sau og Geit Ole Jonny Espevold.

Vi plar dela på å ha leiarmøte i Ryfylke, Sør-Rogaland og Nord-Rogaland. Styret vil ha forslag til stad for årsmøte. Vi skal enten ha det i Ryfylke eller Nord-Rogaland.

Det vart positive resultat for sauenæringa av jordbruksforhandlingane 2007. Styret vil at lokallaga skal koma med nye krav til jordbruksforhandlingane 2008 tilsendt Rogaland Sau og Geit.

Sauetalet i Rogaland går ned. Sidan 2005 har sauetalet gått ned med ca 4200 dyr. Tal bruk har i same tid gått ned med nesten 200. Utegangarsau som er inkludert i sauetalet har auka frå 691 i 2005 til 4151 i 2007. Vi må setja inn tiltak for at sauetalet ikkje skal gå endå meir ned.

Smittsame dyresjukdommar.

Bluetonge eller blå tunge er ein sauesjukdom som no er komen til Danmark. Den rammar sau. Det er eit virus som gjer at dyret får hevelser (Ødem) i hovudet og blå tunge. Sjukdommen kan overførast med vind eller knott. Sauene får feber og nedsett allmenntilstand. Det går 7 til 14 dagar frå dyra er smitta til sjukdommen bryt ut. Etter utbrot er det mange sauer som daudar i løpet av 7 til 10 dagar. Det vert no arbeidd med å utvikla vaksine mot blå tunge. Smittsam fotråde er og ein sjukdom vi må prøva å unngå å få inn i landet. Det vert ikkje vaksine mot toksoplasmose dette året. Vi skal prøva å få til eit forsøk med vaksine i Rogaland hausten 2008.

Rovdyr.

Vi har sikre observasjonar etter gaupe og jerv i Ryfylke og Sauda. I Ryfylke har gaupa tatt ca 30 lam. På landsplan vert det tatt ca 70000 lam av rovdyr.

Vi må ha gode rutinar for kårings sjåa. Per Johan Lyse har ansvar for kåringane i Rogaland.

Styret vil besøkje alle lokallaga på årsmøta. Vi kjem ikkje for å overvaka laga, men for å få oversikten over aktivitetane i laga. Lokallaga kan verta flinkare til å koma med saker til Fylkesstyret av Sau og Geit.

Vi skal profilera Rogaland Sau og Geit på agrovissjonen.

Ole Jonny takka Bjerkreim Sau og Geit for at dei stilte opp på stend under Bjerkreimsmarken.

Det vert visning av verane på Særheim laurdag den 27. oktober kl 11:00. Fjelldagane 2008 vert i Troms. Det skal leigast eit fly som tar 120 personar.

Norsk Fjellam/Heialam (naturlam).

Dette må verta ein avtalebasert produksjon. Lam frå utmarksbeite, ikkje innom heimebeite.

Krav til lamma: Minst slakteklasse O, fast leveringsperiode frå 01.09. til 30.09. og då med eit pristillegg på min 5 kr.

Alle lokallaga skal ha sitt årsmøte innan 31. januar.

Vedtektene for laga må lesast før ein har årsmøte.

Ole Jonny takka styret og Ove for godt samarbeid.

Nils Petter Aarrestad: Vil styret i RSG ha avsett tid på årsmøta?

Svaret frå Ole Jonny var at dette var opp til dei forskjellige laga og dei som møtte frå styret. Ta kontakt med den personen som har fått ansvar for å reisa av RSG i god tid før årsmøtet og avklar om denne vil ha tildelt tid.

Guttorm Gudmestad: Lammepriisane er for låge i desse underskotstider. Opp med prisen for å kunne dekke underskotet. Det er alt for høgt lammetap i Rogaland som skuldast flått og fluger.

Øyvind Bergøy: Vi opplever stadig større tap av rovdyr.

Nils Petter Aarrestad: Kor mykje kan målprisen opp? Vi kan gå opp minst 10 kr.

Øyvind Bergøy: Det primære målet må vera å få opp prisen på lam. Det gjer ikkje noko om forbruket av lam går litt ned.

Jan Helge Havsø: Påsettlamma bør inn i tilskotsordninga.

Marit Ladegård Manhenke frå Mattilsynet - hold av småfe utan tilgang på opphaldsrom. Utegangarsau.

Dyr som går ute og ikkje har opphaldsrom kan vera ein lettvindt form for dyrehald. Vi skal vera klar over at vi har reglar for velferd for småfe.

Skal ein ha utegangarsau må ein søkja Mattilsynet om dette på eige skjema. Sjå vedlagde skjema. Ved søknaden skal det vera ein driftsplan for det dyrehaldet søknaden gjeld. Viktige punkt i søknaden er om dyra kan finna ly. Er det tilgang på vatn? Tilgang på saltvatn er ikkje godt nok. Er det nok beiteareal? Plan for vinterføring. Tilsyn, særleg under lamminga.

Mattilsynet held på å lagar til eit søknadskjema som skal verta oversendt RSG.

Landbrukskontora skal og ha dette skjemaet.

Vi vil at dei som skal til med utegangarsau skal ha ei gjennomtenkt drift.

Lamming til eigna tid. Plan for paring. Plan for merking.

Det er 204 dyrehald i regionen med utegangarsau. Haugalandet er størst på utegangarsau. Her har og ein del sauebønder fått løyve til å ha norsk kvit sau ute fram mot lamming. 10 % av dyrehald med utegangarsau har vorte kontrollert i sommar/haust. Ein del hadde ikkje løyve til å ha utegangarsau. Dyr kunne mangla individmerke. Det var og mykje ulovleg overføring av både hodyr og hanndyr frå distrikt til distrikt.

Vi burde ha varsla næringa på førehand om kontrollane.

Ola Jordebrekk: Det bør vera eit krav om at dyra skal vernast mot rovdyr.

Arne Frøystad: Skal utegangarsau ha godkjent vatn?

Svaret var vatn av god kvalitet.

Kjell Åge Torsen: Ved søknad kjem de då rundt og ser på forholda?

Svaret var at i utgangspunktet ja.

Guttorm Gudmestad sa at det er for stor avstand mellom Mattilsynet, den praktiserande veterinær og sauebønderne. Mattilsynet må få ut gjeldande reglar til veterinærar og sauebønder.

Brannsikring i sauefjøsene. Krav stadig utsatt. Skal no sjå på om det går å auka kravet for brannsikring frå 30 til 50 småfe. Frå 1. januar 2010 skal det vera krav om kompetanse for å kunne driva med småfe. Her må næringa sjølve laga til kurs. Dei lokale sauelaga kan arrangera studieopplegg. Det skal vera eit studieopplegg klart til 1. februar.

Per Johan Lyse sa at det er ulik praksis for utdeling av medisinar til bønder i dei forskjellige distrikta.

Marit sa at dyrlegane må bruka godkjente medisinar. Ein del medisinar kan utvikla resistente bakteriar. Det er ein plikt at dyrlegen og bøndene fører all bruk av medisinar på helsekorta.

Generalsekretær i Norsk Sau og Geit Lars Erik Wallin.

Utfordringar i småfehaldet.

- Produksjon/marknad.

Løna vi skal leva av.

- Rovdyr
- Sjukdom/helse
- Økologisk sauehald.

Forbruket av lam og sau har auka med ca 6 % av tonnasje. Vi et no ca 6 kg småfekjøtt pr person og år. Innvandringa gjev auka forbruk, ikkje minst av geit. Det vil verta behov for import av lam framover. Hittil i år er det vorte importert ca 2000 tonn lammekjøtt. Island har ikkje behov for å eksportera lam til Noreg lenger. Ved utgangen av året har vi importert ca 2400 tonn med lammekjøtt. Det vil sei mellom 160000 og 170000 lam. I 2008 har vi behov for import av ca 3000 tonn lam frå New Zealand.

I 1968 var det ca 70000 bruk med sau i Noreg. I dag er det ca 15000 bruk med sau. Året 85/86 var medlemstalet i Norsk Sau og Geit 24791. I dag har Norsk Sau og Geit 12516 medlemmer. Ved årsskifte var det 2016 medlemmer i Rogaland.

Sauetalet har vore stabilt frå 1980-åra og fram til 2003 på ca 1,1 mill vinterføra sauer. Sauetalet har dei seinare år gått ned og er no snart under 1 mill. vinterføra sauer.

Utsikter fram mot år 2012.

Sauetalet har gått ned meir enn prognosen. Klarer vi snu denne utviklinga?

Vi skal ikkje vera beskjeden når det gjeld krav om pris på lammeprodukta.

Norsk Sau og Geit vil ha gode innspel frå lokal og fylkeslaga til jordbruksforhandlingane.

Ser ut som det vert sett på meir saulam dette året.

Ein del store sauebruk sluttar med sau.

Vi må sjå på rekrutteringa til sauenæringa. Brukarskifte og nye brukarar.

Investeringskostnader i samband med bygging av sauehus.

Ordna fritid.

Vi må sjå på problematikken rovdyr/småfe. Rovdyra kan i enkelte distrikt ta kvelartak på småfehaldet. Vi har bestandsmål for rovdyr. Det skal vera rovdyrfrie område. Ein må kunna ta ut rovdyr på sommartid som gjer skade. Kva kan vi gjera med beitenekt for småfe. Det er Mattilsynet som iverkset beitenekt.

Sjukdom/helse.

Utanom rovdyr er vi fleire plassar her i landet plaga med flått, flugemark og alveld. Vi må og passa på å ikkje få skrapesjuke.

Frå utlandet må vi vera obs på smittsam klauvråte.

Bluetonge eller blå tunge er no komen til Danmark.

Økologisk sauehald.

Det er ei målsetting om 15 % økologisk slakt frå småfe i 2015. Vi har prosjekt Øko-Sau. Dei som vil leggja om til økologisk sauehald vil få gratis førsteråd av personar frå forsøksringar.

Geit.

Vi har litt overproduksjon av geitemjøl. Norsk Sau og Geit har vore med i eit prosjekt, friskare geiter. Geita er eit politisk dyr.

Sentral innkrevjing av kontingenten har gått rimelig bra. Ca 1000 medlemmer vart kravd for kontingenten 2 gonger. Desse skal få beløpet tilbakebetalt.

Det er hittil i år vorte verva 128 nye medlemmer. 29 nye medlemmer i Rogaland. Eirik Skretting frå Sør-Jæren Sau og Geit har verva 12 medlemmer og Jan Helge Havsø frå Egersund Småfelag har verva 11 nye medlemmer.

Det skal sendast ut til lokallaga oversikt over kven som har betalt inn kontingenten.

Bonde og humørspreiar Geir Styve hadde eit interessant foredrag om korleis han dreiv garden med dyr og besøk av både ungar og vaksne folk.

Han la opp til forskjellige aktivitetar som den enkelte betalte for.

Etter middagen fortalde Øyvind Bergøy om tur med den transibirske jernbanen.

Referat frå leiarmøte på laurdag den 20.10.07.

Det vart først tatt opp å få til leveransar av fjellam/heilam eller kalt naturlam. Øyvind Bergøy var bekymra for utnytting av heiane til sauebeite.

Sauen er som kjent utmarka sin slåttekår.

Dette må verta ein avtalefesta produksjon for levering av fjellam/heilam i heile september.

Minimum slaktekvalitet slakteklasse O.

Kåringsansvarleg Per Johan Lyse.

Per Johan har overtatt etter Berit Pettersen. Han kjem frå Nedstrand, der han har drive med ku og sau. Per Johan skal no slutta å driva med ku.

Det har vore dommarsamling hjå Guttorm Gudmestad. Per Johan takka Guttorm for hjelp til å arrangera dommarsamlinga. Kåringsdommarane i Rogaland har vore strenge på ull. Ein prøver å få mest mogleg lik dømning ved kåringa i heile landet.

Oppsummering av kåringa. Dette kan forbeistrast.

Rennesøy: Ved missekåringa bør ein halda lamma for å unngå snutekontakt.

Sandeid: For lang dag.

Sauda: Kom seint i gong. Leggja kåringa i Sauda etter Ølen i 2008?

Blesete, brokete sau: Første året med i NSG-systemet. Liten oppslutnad. 7 lam kåra. Håpar fleire kjem med i sauekontrollen.

Finnøy: Ein del lam gjekk ut på grunn av sum poeng.

Hå: 2 dommarlag må ha 2 mikroskop til å sjå på ulla.

Hjelmeland: Utfordringar i å dømme pelsverlamma.

Nedstrand/Tysvær: For mykje etterpåmeldte lam.

Ølen: Lamma vart i år kårde i Nedstrand. Ein del etterpåmeldte lam. Vi må få til kåring i Ølen i 2008.

Time: Diskusjon om ein femling på kvalitetsoppstilling på dei beste kåringslamma.

Bjerkreim: Litt langt å jaga lamma inn i kåringsbingen.

Mikroskop.

Måtte venta for lenge på å få alle mikroskopa. Mikroskopa har fungert godt og vore til stor hjelp til å finna ut om det er marg i ulla.

Det har vore mange gode lam med godt eksteriør.

Vi har ein vrakingsprosent på rundt 13. Her er bein og marg i ulla største årsak til vraking.

Sauer med crossbredull som ikkje er rein rase må kodast om til norsk kvit sau.

Kjell Åge Torsen: Det må koma ut informasjon i god tid før kåringane.

Ola Jordebrekk: Lam med marg i ulla må gå ut.

Bjørn Høyland: Vi kan godkjenna opp til 3 % marg.

Thor Blichfeldt: Klasse I når det gjeld ull tillet inntil 3 % marg.

Kjell Steinar Løland: Vi kårde 2 lam i Suldal som hadde litt marghår. Det var gode lam på andre eigenskapar.

Leiar i avlsutvalet i Rogaland, Knut Sveinung Kleppa.

Den viktigaste jobben til avlsutvalet er å spreia avlsframgangen på sau i heile fylket.

Han har skrive om smittepresset i samband med kåringa i Bondevennen. Vi må prøva å ha dei som er med i vereringsystemet i eit system for seg. Ein bør plassera vereringlam under kåringa på ei side og dei som ikkje er med i verering på andre sida. Dommarane bør bruka plasttrekk utanpå skoa, nye for kvar binge, eller desinfisera skoa for kvar binge.

Kåringa er først og fremst for miljøet.

Vi hadde dette året ikkje gode nok spælverar til å setja inn på Særheim.

Det er mange bra verar av norsk kvit sau på Særheim dette året. Ein skal vera obs på at verane får stadig nye indeksar.

Bjørn Høyland sa at bilete av ver 200555911 Sak Eggum er for dårleg. Veren hadde skada seg når dette bilete vart tatt.

Øyvind Bergøy sa at vi må kunne stola på indeksane. Indeksane må ikkje gå så mykje opp og ned. Det vert for store endringar. Det er vanskeleg å få nok poeng ved kåring viss ein ikkje brukar semin på sau. Stikkord er tillit.

Eg har fått tilbakemelding om dette frå sauebønder. Dette kan føra til mindre tilslutnad til sauekontrollen og avlsarbeidet.

Thor Blichfeldt: Her har vi ein pedagogisk utfordring. Verane vil variere i indeks alt etter kor mykje og kva opplysningar ein får inn om avkomma, slekta til verane. Dei som er med i vereringane forstår dette opplegget. Vi må ha tillit.

Knut Sveinung Kleppa: Indeksane endrar seg ikkje så mykje. Vi har mange utfordringar.

Ivar Kyllingstad: Vi sel eller leigar ut ver gjennom verlag. Dei som vil ha ver spør etter indeksane. Indeksane må gå opp og ned for å få framgang. Vi må prøva å få med dei unge til å interessera seg for avlsarbeid på sau. Det bør lagast til møte om avlsarbeid på sau.

Per Johan Lyse: Vi har ein nystarta ring i eit ungt miljø. Har god bestilling på indeksverar.

Trygve Ravndal sa at Øyvind Bergøy var gått ut på dato. Indeksane er meir rette no enn tidlegare.

Bjørn Høyland sa at det bør startast ungdomsgrupper der ein forklarar indeksane og diskuterer desse.

Kjøtkåringa 2007 av Ove Myklebust.

Det var i 2007 27 gardsbruk som stilte 228 lam til kjøtkåring. Av desse vart 192 kåra. Det er ein vrakingsprosent på 15,8. Ull og kjøtmål var årsaka til mest vraking. Time er størst på kjøtkåring med 10 utstillarar og 125 lam til kåring. Her er godt miljø både for kjøtkåring og vanleg kåring og det møter folk i frå heile Rogaland og andre fylke for å sjå dyra.

Guttorm Gudmestad og Kjell Steinar Løland meinte at Nortura ikkje berre burde ha utdanna kjøtdommarar som var tilsett i Nortura. Dette kan føra til høge reiseutgifter.

Rolf Røyndid sa at vi burde ta fram gode lam når vi orienterte om kjøtkåringa. Det var det som var interessant, ikkje årsaka til at lamma var gått ut.

Avl og seminsjef i NSG Thor Blichfeldt.

20055911 Sak Eggum vert ståande på Særheim. Kvar verering får 2 dosar av denne veren pr 100 vinterføra sauer.

11. november vert ein del av verane som står på Særheim køyrt til Blindheim. 25. november vert 4 nye verar køyrt frå Særheim til Blindheim og dei som vart flytta 11. november kjem tilbake til Særheim.

Saueavl i Noreg.

Vereringar som jaktar på indeksar går rette vegen.

Kan bruka fersksæd frå Særheim til å produsere gode saulam. Vi må få til ein lettstelt sau. Får sauen i dag for mange lam?

Kva betyr godt avlsarbeid for økonomien til bonden?

Vi må få til ein god spredning av gode verar.

Vi har god avlsmessig framgang pr år, men ikkje på feitt.

I løpet av 10 år har lammetalet gått frå 2 til 2,2 lam pr sau. Har auka mest på dei som er med i sauekontrollen. Vi har nok lam for dei som tar ut potensiale.

Avlsmessig framgang pr år. 4 indekspoeng a kr 2,50 er 10 kr. Har ein 100 sauer vil det løna seg å kjøpa ein indeksver. Grunnpris 3000 kr, tillegg pr O-indeks over 115 er 100 kr.

Kåra verlam har ein grunnpris på 1900 kr + 10 kr pr poeng over 150.

Er ein 10 år bak i avlsarbeidet og har 100 sauer er tapet rundt 10000 kr pr år.

Målsetting for avlsarbeidet.

Større avlsmessig framgang.

Vi må leggja mindre vekt på levande vekt og meir vekt på slaktevekta.

Hilde Håland meinte det burde vore lagt meir vekt på vårvekt.

Thor sa at ein bør bruka vårvekt der ein har dette.

Bjørn Høyland sa at det er vanskeleg å få til vårveging i heile landet.

Knut Sveinung: Dei verane med lågast indekspoeng har liten framgang.

Arnhild Skjørestad tok opp at vereringen i Sandnes ville kjøpa indeksver frå Rana verering som dei ville bruka i tillegg til semin. Mattilsynet gav tillating til dette kjøpet, men Thor Blichfeldt sa nei. Det er for usikkert med semin. For mykje omløp. Vi vil ha tidleg lamming for å utnytta vårbeita.

Thor: Det er importert Lama til Lyngen. Redd for smitte av paraturellose.

Vi må ikkje leggja opp til for stort smitteområde.

Trygve E. Ravndal og Nils Petter Aarrestad sa at dei var einige med at Sandnes verering ikkje fekk kjøpa indeksver frå Rana.

Avl for kjøttfulle lam.

I Noreg har vi kjøttfulle lam etter Nord Noreg varianten, 5 %.

Vi har kjøttfulle lam etter texelvarianten. Denne har vi i 75 % av norsk kvit sau. Om 10 år har alle norsk kvite sauer texelvarianten.

Nord Noregs-effekten på kjøtt.

- Slakteklasse opp 1 til 2 klassar.
- Feitt ned ein klasse.
- Slaktevekt opp 0,3 kg.
- Slakteprosenten opp.
- Kjøttkvalitet er ok.
- Dødlighet?
- Lammetal er ok.
- Lammingsvanskar er ok.
- Morsevne. Litt dårlegare?

Det vart frå salen tipsa om at beitelaga bør få ut plakatar med namn og telefonnr. på personar som skal ha melding om sette og skada dyr i beiteområde der det går folk.

Leiaren Ole Jonny Espevold takka for eit greitt leiarmøte og ønskte vel heim.

**Send e-postadressa til dei som skal ha referata frå styremøta i Rogaland Sau og Geit til:
grethe.helgesen@nortura.no**